

LÆRDAL ELVEEIGARLAG
v/ Lasse Sælthun 6887 Lærdal
Tlf.: 91181665 e-post: seltun@online.no

Lærdal 26.05.2016

NVE
Boks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Søknad om konsesjon for Tynjadalen, Fosseteigane og Øvre Kvemma kraftverk


Viser til ovannemnde konsesjonssøknad utlagd til offentlig ettersyn med uttalefrist 26.05.2016.

Lærdal elveeigarlag er på generelt grunnlag uroa over den samla temperaturpåverknad småkraftverk påfører hovudelva. Sjølv om slike reguleringar stort sett skjer utan magasinering og med den samme mengd vatn som kom ut i hovudvassdraget før utbygging, medfører nedføring av vassmengder i røyrgate frå høgareliggande inntak til kraftstasjon nede i dalføret, at vatnet mister den naturleg oppvarming den har i dagen. Temperaturen i hovudelva påverkar jo både laks og sjøaure sin vandrings- og bitevilje.

Sjølv om den innverknad det einkilde småkraftverk vil ha for vasstemperaturen kan synast liten, vil fleire småkraftverkverk som tilfører hovudelva vatn, samla sett medføre tempraturendringar i hovudelva som kan vere til skade for fiske i hovudelva. Dette er tilhøve som styresmaktene som behandler slike søknader bør ta med i sine vurderingar og det må stillast krav til utbyggjar om å framskaffe faglege utgreiingar om desse forholda i søknadsprosessen.

Ein gjer merksam på at styret i elveeigarlaget har opna for at einskildmedlemmer kan gje eigne uttale i saka.

Med helsing


Lærdal Elveeigarlag

V/ Lasse Sælthun